



18. - 28. OKTOBER 2025

NYNORSKDAGANE

GUNN KVAALE - ADRIAN SELLEVOLL - SUDAN DUDAN
ALVERREVIEN ME REISE TE JUNAITEN

DEN BLÅ TIMEN

MED STRILUNGANE, KJERSTI WIIK, JOHANNA SEIM, LOVISE ESPELAND, LAILA KOLVE, LINDA SANDHÅLAND

TORMOD HAUGLAND - ARNFINN KOLERUD

NYNORSK SALMEBOK 100 ÅR

OLAV NYGARD I ORD OG TONAR

MED KJERSTI WIIK, FRODE SKAG STORHEIM, TORE KLOSTER

PÅ GRENSA TIL ALLSONG

MED ALVERKORET, HJELMÅSKARANE, KORINOR, DE LYSTIGE SENIORER

FLEIRE ARRANGEMENT FRÅ:

UNG ALVER - ALVER KULTURSKULE - ALVER BIBLIOTEK
NYNORSKDAGEN I SKULANE - STADNAMNVANDRINGAR



ALVER
KOMMUNE

TICKETCO.NO - #MEELSKARNYNORSK - ALVER.KOMMUNE.NO

Helsing til publikum

Nynorskdagane i Alver feirar vår lokale kultur og identitet.

Nynorsk har vore eit levande skriftspråk i området vårt sidan tidleg på 1900-talet. Samstundes høyrer me at dialekten endrar seg gjennom generasjonane. Me ligg tett på Bergen, og talemålet derifrå har breidd seg godt utover i strilelandet.

Likevel står Alver fast på at nynorsken er ein del av vår identitet. Kommunestyret har nyleg vedteke ein språkbruksplan, som føl opp det politiske ynsket om å styrka bruken av nynorsk i kommunen.

Bakteppet for Nynorskdagane er at me styrkar vår felles identitet gjennom språket. Dette kjem til uttrykk i det kulturprogrammet som vert presentert til publikum.

Mållaga i kommunen har vore viktige partnerar i å utvikla Nynorskdagane til ein kulturfest for Alver, og bidreg sterkt i år også. Alle våre einingar i kulturfenesta er med; ungdomsavdelinga engasjerer ungdommen, biblioteket laga nynorske forfattarmøte, kulturskulen presenterer temakonsertar og førestillingar mellom anna.

Me er glade for at fleire lag og foreiningar i kommunen stiller opp med arrangement i år.

Saman skal me skapa ein kulturfest eigd av mange. I åra framover ynskjer me at enno fleire vert med.

Ta ein kikk på det mangfaldige programmet. Her finn du opningskonsert med den unge, ambisiøse popartisten Gunn Kvaale frå Sogndal, ungdomskonsert med Adrian Sellevoll frå Alver, folkemusikkduoen Sudan Dudan kjem til Vardegard, eit spennande tilfang til kulturlivet i kommunen. Alverrevyen set opp syngespel om dei som reiste til Amerika, fire flotte kor serverer oss «på grensa til allsong,» den nynorske salmeboka vert feira for sine 100 år, vår eigen folkemusikktradisjon vert presentert i ein familiekonsert med lokale utøvarar og barnekor. Lyrikaren Olav Nygard vert heidra musikalsk og du får høve til å gå på nynorsk-pub både i Knarvik og på Ostereidet. I tillegg vert skulane i Alver involvert med eigne prosjekt som me gler oss til å sjå resultatet av.

Ver med og feir nynorsken og kulturen saman med oss!

Me ønskjer deg gode Nynorskdagar i 2025!

Eirik Bouwer Utne, kultursjef

Program for Nynorskdagane

Dato	Kva	Kor
Laurdag 18. oktober kl. 20	Gunn Kvaale med band. Oppvarmingsband: Post Office	Samfunnshuset Skogen Sletta
Laurdag 18. oktober kl. 20	Sudan Dudan	Vardegard, Husebø
Laurdag 18. oktober kl. 19	Nynorskpub	Ostereidet kro, Fjordblikk
Sundag 19. oktober kl. 17	Familiekonsert: Den BLÅ timen. Songar og forteljingar frå Nordhordland	Meieriet Frekhaug
Sundag 19. oktober kl. 14	Stadnamnvandring på Seim	Seim
Sundag 19. oktober kl. 14	Nokon - monologar og dialogar. Framføring av teaterrelevane i kulturskulen	Dansesalen, Kulturskulehuset i Knarvik
Sundag 19. oktober kl. 18	På grensa til allsong	Festsalen, Nordhordland folkehøgskule
Tysdag 21. oktober kl. 19	Småsporven gjeng i tunet, kulturskulekonsert	Prestegarden, Manger
Tysdag 21. oktober i klubbtida	Knarvik og Lindås ungdomsklubb: Kahoot med nynorske ord og uttrykk	Knarvik og Lindås ungdomsklubb
Onsdag 22. oktober kl. 19	Forfattersamtale med Tormod Haugland	Manger bibliotek
Onsdag 22. oktober kl. 18	Namnet Leknes? Språkleg kvelds med Johan Myking og Svein Børtveit	Storstova, Leiknes skule
Onsdag 22. oktober i klubbtida	Frekhaug ungdomsklubb: Open scene med fokus på nynorske tekstar	Meieriet Frekhaug
	Entry ungdomsklubb: Grip mikrofonen og Quiz	Ostereidet

Torsdag 23. oktober kl. 18	Forfatterarvitjing: Arnfinn Kolerud	Knarvik bibliotek
Torsdag 23. oktober i klubbtida	Radøy ungdomsklubb: Kahoot med nynorske ord og uttrykk	Manger
Fredag 24. oktober kl. 20	Nynorsk pubkveld	To katter på loftet, Knarvik
Fredag 24. oktober kl. 18 og 20.30	Adrian Sellevoll-konsert	Meieriet Frekhaug
Fredag 24. oktober kl. 19	Me reise te Junaiten, syngespel med Alverrevyen	Samfunnshuset Skogen Sletta
Laurdag 25. oktober kl. 11-15	Elias Mjåtveit-seminaret 2025: Med blick på den norske salmen	Meieriet Frekhaug
Laurdag 25. oktober kl. 18	Konsert og salmekveld: Sjøsprøyt og solrenning	Meland kyrkje
Laurdag 25. oktober kl. 19	Me reise te Junaiten, syngespel med Alverrevyen	Samfunnshuset Skogen Sletta
Sundag 26. oktober kl. 14	Stadnamnvandring i Gjervik	Gjervik
Sundag 26. oktober kl. 14	Det er den draumen, kulturskuleframsyning med song, dans og piano	Meieriet Frekhaug
Sundag 26. oktober kl. 18	På grensa til allsong	Storstova, Leiknes skule
Sundag 26. oktober kl. 19.30	No reiser kvelden seg, konsert med Kjersti Møllerup Wiik, Frode Skag Storheim og Tore Kloster	Alversund kyrkje
Sundag 26. oktober kl. 15	Rit di rune, konsert med kulturskuleelevar på trekkspel, song, piano, fiolin og gitar.	Dansesalen, Kulturskulehuset i Knarvik
Måndag 27. oktober kl. 11.	Konsert og allsong med elevar frå Knarvik barneskule	Knarvik sjukeheim
Tysdag 28. oktober kl. 18	Poesi på nynorsk	Frekhaug bibliotek



Laurdag 18. oktober

Gunn Kvaale med band

SAMFUNNSHUSET SKOGEN SLETTA

Hellandsvegen 445, 5939 Sletta

Det vert offisiell opning av årets nynorskdagar med konsert på Samfunnshuset Skogen Sletta!

23 år gamle Gunn Kvaale frå Sogndal er ein ung og ambisiøs popartist som har rukke å spele mange konsertar og turnéar i over 12 år allereie. I februar i år slapp ho debutalbumet *Eit fullt møblert hjerte*, og fleire av singlane hennar har tidligare blitt omtalt på 730.no, blitt lista på radio og på redaksjonelle Spotify spelelistar som «Hits don't lie» og «Morgenkaffe».

DØRENE OPNAR KL. 19:30

Billett kr. 300,-

Debutalbumet *Eit fullt møblert hjerte* kom ut i år, og er blant anna skrive saman med Emelie Hollow og Morgan Sulele. Albumet formidlar ulike sider av kjærleik og livet; korleis alle erfaringar, både gode og dårlege, er med på å forme deg til den du er.

Det vert pub. Arrangementet har vergeordning.

Arr.: Radøy mållag og Samfunnshuset Skogen Sletta. Støtta av Alver kommune.





Laurdag 18. oktober

Post Office

Oppvarming før Gunn Kvaale

SAMFUNNSHUSET SKOGEN SLETTA

Hellandsvegen 445, 5939 Sletta

Post Office er eit ungt band frå Alver og Øygarden, sammensett av vokalist Kira, gitarist Tommy, bassist Jakob og trommis Aleksander. Dei vart kjende gjennom musikken og har spelt saman i omtrent eitt år.

Bandet har allereie fleire sceneframføringar bak seg, og ser fram til å komme til Skogen på Sletta!

Det vert pub. Arrangementet har vergeordning.

DØRENE OPNAR KL. 19:30

Billett kr. 300,-

Arr.: Radøy mållag og Samfunnshuset Skogen Sletta. Støtta av Alver kommune.





Laurdag 18. oktober

Sudan Duda

VARDEGARD

Skjelangervegen 600, 5917 Rossland

Sudan Duda med Anders Erik Røine og Marit Karlberg har eit trufast publikum i folkemusikkmiljøet og langt utover det. Dei står fjellstøtt i tradisjonsmusikken gjennom song, langeleik, fele og munnharpe, men finn også inspirasjon i både country, bluegrass, ørkenblues og salmesong.

Sudan Duda har eksistert som duo sidan tidleg 2000-tal og er kjende for eit nedstrippa og rått lydbilde, gode tekstar, tette harmoniar og spenstig improvisasjon. Duoen har gjeve ut fire plater.

DØRENE OPNAR KL. 19:00

Billett ordinær kr. 250,-

Student/pensjonist kr. 150,-

Arr.: Vardegard, i samarbeid med VestaFolk. Støtta av Kulturrådet.





Laurdag 18. oktober

Nynorskpub

OSTEREIDET KRO, FJORDBLIKK
Eidavegen 532, 5993 Ostereidet

DØRENE OPNAR KL. 19:00
Gratis arrangement

Veit DU at det skjer festleg lått og løje også nordom tunellen? Velkomen til nynorskpub i samband med nynorskdagane i Alver kommune på Ostereidet kro, Fjordblikk.

Einar Færø les nokre av sine humoristiske, underfundige og vare dikt. Tid for å humre, tid for ettertanke.

Det blir musikk og allsong leia av Else Iren Westervik, ho med den whiskyhesene nynorskrøysta.

Vår store quizmaster, Tor Daniel Langeland, gjev oss tankesprett og ordkløyving på nynorsk

Serivering av nynorsk-øl – og vanleg øl og sprudlevatn.

Arr.: Osterfjorden mållag



Sundag 19. oktober

Familiekonsert: Den BLÅ timen

MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Bli med når me opnar skattekista full av folkesongar og melodiar frå Nordhordland! Gjennom musikk og forteljingar tek me dykk med tilbake i tid og viser korleis folk levde og tenkte før oss. Me trur at gjennom å forstå fortida, kan me òg forstå vår eiga tid betre – og ta klokare val for framtida.

Med:

Kjersti Møllerup Wiik (song)
Linda Røyseth Sandhåland (song)
Lovise Espeland (song)
Johanna Seim (hardingfele)

KONSERTSTART KL. 17:00

Billett vaksen kr. 200,-

Born gratis

Laila Kolve (fløyte)
Songkoret Strilongane frå Rossland

Strilongane er eit barnekor med om lag 25-30 songglade born frå ca. 4 år og oppover. Dei vert dirigert av Elin Bratshaug.

Det vert kafé med sal av ukrainske, heimelaga kaker i regi av Alver frivilligsentralar.

Arr.: Alver kommune,
kultur





Lufffoto av Seimsbygda. Foto: Ola Moen

Sundag 19. oktober

Stadnamnvandring på Seim

SEIM SKULE

Parkering og frammøte

KL. 14:00

Gratis arrangement

I seimsbygda er det gjort ein stor innsats med å samla inn stadnamn, og mykje av tilfanget er lagt inn på det digitale kartet. Der finn du namn som Prestabrunæ, Storåkeren og Kongshøyen, men kanskje ikkje Kalvskinnet. Og dersom du lurar på kva Stoplane og Likhella tyder, så kan du få svar ved å vera med på stadnamnvandringa.

Turen går frå skulen, innover mot Seimsvatnet og attende over Leitet og Hønsedal, og tek om lag to timar. Atterhald om vêret (styrregn).

Arr.: Alversund mållag

Turleiar og omvisar er Marit Konglevoll i samarbeid med Johan Myking.

Sundag 19. oktober

Nokon

- Monologar og dialogar

Framføring av teaterrelevane i kulturskulen.

KL. 14:00
KULTURSKULEHUSET I
KNARVIK, DANSESALEN
Kverhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Sundag 26. oktober

Rit di rune

Konsert med kulturskuleelevar på trekkspel, song, piano, fiolin og gitar.

KL. 14:00
KULTURSKULEHUSET I
KNARVIK, DANSESALEN
Kverhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Sundag 19. oktober

På grensa til allsong

FESTSALEN

Nordhordland Folkehøgskule

KL. 18:00

Billett kr. 250,-

Born under 12 år går gratis

Hjelmåskarane saman med Alverkoret, Korinor og De Lystige Seniorer inviterer til konsert i samband med Nynorskdagane.

Når fire kor arrangerer konsert i lag, då er me på grensa til allsong. Og allsong kan det bli når fire kor inviterer publikum med på ei musikalsk reise med kjende melodiar i norsk språkdrakt.

Kora har med eige orkester med Sturle Andersen på gitar, Bjørn Breilid på bass, Anders Linge Breilid på

trommer og Helge Riise på piano. Helge Riise er dirigent for kora, og er også musikalsk arrangør.

Dei fire kora har kvar si avdeling og konsertane vert avslutta med fellesnummer med nærare hundre songarar i aksjon.

Billettar kan kjøpast på TicketCo, hjå kornedlemmer eller i døra.

Arr.: Hjelmåskarane, Alverkoret, Korinor og De Lystige Seniorer



Ung Alver: Kahoot med nynorske ord og uttrykk

Kahoot for ungdom om nynorske ord og uttrykk! Kahooten vert i opningstida til klubbane og er for aldersgruppa 8.klasse til 3.vgs.

Tysdag 21. oktober

KL. 14:30-20:00

KNARVIK UNGDOMSKLUBB

Kvernhusmyrane 8, Isdalstø, Norway

KL. 14:30-20:00

LINDÅS UNGDOMSKLUBB

2. etg. Lindåshallen, Lindås



Onsdag 22. oktober

Quiz og grip mikrofonen!

KL. 14:30-20:00
ENTRY UNGDOMSKLUBB
 Eidavegen 532, 5993 Ostereidet



Torsdag 23. oktober

Kahoot med nynorske ord og uttrykk

KL. 14:30-20:00
RADØY UNGDOMSKLUBB
 Idrettsvegen 13, 5936 Manger





Tysdag 21. oktober

Småsporven gjeng i tunet

**GAMLE PRESTEGARDEN,
MANGER**

KONSERTSTART KL. 19:00
Gratis arrangement

Ta ettermiddagskaffien i Prestegarden og høyr elevar i kulturskulen synge og spele stevtonar frå Nordhordland som dei bind saman med songtekstar av Arne Garborg.

Arr.: Alver kulturskule

*Smaa-sporven gjeng i Tunet
Og tippar Konn og ribbar Straa
Og hev so god ein Une
og lær aat Katten graa.*

*Aa stakkars vesle Hare
so fin og slikeklædd,
Kor veit kor du hev fare,
med di du er so rædd?*



Onsdag 22. oktober

Ung Alver: Open scene

FREKHAUG UNGDOMSKLUBB
MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, 5918 Frekhaug

OPNINGSTID KL. 14:30-20:00

Open scene i klubbtida på Frekhaug ungdomsklubb.

Påmelding via QR-kode.

Har du noko du vil framføre? Song, instrument, dikt, slam poesi - lista er lang og scena er open!

Frekhaug ungdomsklubb held også ope i andre etasje som vanleg, så det er berre å ta turen.





Onsdag 22. oktober

Forfattarsamtale med Tormod Haugland

MANGER BIBLIOTEK

Idrettsvegen 15, 5936 Manger

Vår lokale og eminente forfatter frå Haugland på Radøy har skrive ei bok som vart kåra til lyttarane sin romanpris på NRK P2, og romanen «Sirenene» er Tormod si sist utkomne bok.

Tormod Haugland (f. 1962) debuterte med romanen *Under* i 1994, og har sidan gjeve ut romanar, noveller, dikt og dramatikk. Han har hausta strålande kritikkar for romanane *Om dyr og syn* (2017), *Om søvn og mørke* (2019) og *Om livet på jorda* (2021). I 2021 var Tormod Haugland årets

KL. 19:00

Gratis arrangement

festspeldiktar ved Dei Litterære Festspela i Bergen.

Denne kvelden vil de møta Tormod i samtale med bibliotekar Silje Namtvedt. Me håpar mange vil ta turen til Manger bibliotek denne kvelden!

I tillegg til ein god samtale, vert det enkel servering.

Arr.: Alver bibliotek



Onsdag 22. oktober

Namnet Leknes? Språkleg kvelds med Johan Myking og Svein Børtveit

SANDBERGSALEN

Storstova på Leknes/Leiknes

KL. 18:00

Gratis arrangement

Bygdelaget 5915 inviterer på språkleg kvelds med Johan Myking og Svein Børtveit.

Namnet Leknes eller namnet Leiknes? På stadnamnskiltet står det Leknes medan elevane går på Leiknes skule. Nokon har etternamnet Leknes andre Leiknes. Postadressa før då posten heldt til på kaien var 5165 Leiknestangen, medan folk no bur i Leknesvegen. Kva skuldast desse to ulike skrivemåtane? Kan me få nokre gode svar denne kvelden? Professor emeritus i nordisk, Johan Myking

tek oss attende til norrøn tid for å forklara og å visa oss korleis dette heng i hop.

Svein Børtveit, vår eigen Ivar Aasen, har samla inn ord og uttrykk heimanfrå, og gjeve ut det omfattande arbeidet i ei eiga bok om striladialekt frå Leiknes. Denne kvelden presenterer han frå det omfattande arbeidet sitt.

Etter presentasjonane inviterer me til kveldsmat og språkleg drøs.

Arr.: Bygdelaget 5915



Torsdag 23. oktober

Nynorsk topptur med Arnfinn Kolerud

KNARVIK BIBLIOTEK

AMFI Knarvik

KL. 18:00

Gratis arrangement

Forfattaren Arnfinn Kolerud har gått «all in» i språkdebatten med dei tre romanane *Når ein først skal skyte nokon*, *Kom ikkje inn i mitt hus* og *Gamle menn i syningom*. Handlinga går føre seg i den aller siste nynorske landsbyen, i ei tid der bokmål og engelsk vinn fram på alle frontar.

Bendik Uføre og dei andre nynorskingane utfører likevel dristige aksjonar inne i bokmåls-områda, for at språket deira skal overleve og ein gong i framtida nå nye høgder.

Foredraget varar i 45 små minutt, før det gjerne går over i eit ordskifte om språk og uspråk.

Vel møtt til eit morosamt og lærerikt foredrag!

Lett servering vert det òg.

Arr.: Alver bibliotek



Fredag 24. oktober

Nynorsk pubkveld

TO KATTER PÅ LOFTET
AMFI Knarvik, 5914 Isdalstø

KL. 20:00
Inngong kr. 100,-

Velkomen til nynorsk pubkveld!
Kveldens band er Gråpus og
venene hans, forsterka med Jon
Martin Skauge.

God stemning, kviss og allsong.

Billettar i døra.

Arr.: Alversund mållag



Fredag 24. oktober

Adrian Sellevoll

MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

Adrian Sellevoll kjem heim! Adrian Sellevoll, kjend frå *71° nord*, *Skal vi danse* og *Ex on the Beach*, er tilbake i Alver for å spela på Meieriet Frekhaug! Som del av kulturfestivalen Nynorskdagane i Alver, får du sjå han levera rå og energiske konsertar med ekte kjensler.

Adrian har gjort suksess som artist og TV-profil, og no vil han inspirera unge med musikken og historia si. Dette blir ein kveld du vil hugsa – kom og opplev stemninga!

Rusfritt arrangement. Arr.: Ung Alver

KONSERTSTART KL. 18:00

Open for alle!
Billettar kr. 200,-



KONSERTSTART KL. 20:30

For 8. klasse-3. vgs.
Billettar kr. 200,-





Foto: Avisa Nordhordland

Fredag 24. oktober og laurdag 25. oktober

Me reise te Junaiten

Syngespiel med Alverrevyen

SAMFUNNSHUSET SKOGEN SLETTA

Hellandsvegen 445, 5939 Sletta

Me reise til Junaiten er eit humørfyllt syngespiel om utvandringa til Amerika. Det tek føre seg spenningane mellom dei som reiste og dei som vart att. Musikken er inspirert av irsk folkemusikk, og alle tekstar og songar er på nynorsk.

Stykket er skriva av Signe Marit Krossøy frå Masfjorden. Aktørar frå Alverrevyen og fleire lokale revyar står på scena. Regien er ved Ivar Hopland, som har gjort lokale tilpassingar av stykket.

START KL. 19:00, PUB KL. 18:00

Billettar ordinær kr. 300,-

Born under 16 år kr. 150,-


Med er musikarane Glenn Sørskår på trekkspel og Håkon Rydland på gitar.

Arrangementet har vergeordning.

Arr.: Utvandringssenterets venner i samarbeid med Alverrevyen og lokale revygrupper. Støtta av Alver kommune.

Billettar kan òg kjøpast i døra.





Bilete: Noregs Mållag

Laurdag 25. oktober

Elias Mjåtveit-seminaret 2025: Med blick på den norske salmen

MEIERIET, FREKHAUG

Havnevegen 68, Frekhaug

Meland Mållag vil med Elias Mjåtveit-seminaret 2025 setja søkjelys på den norske salmen. I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok første gong kom ut. Med Norsk salmebok i 1985 kom det éi felles salmebok for kyrkjelydar med bokmål og nynorsk som liturgispråk, og dermed forsvann Nynorsk salmebok ut or bruk.

Kva var det banebrytande med Nynorsk salmebok, og kvifor fekk vi denne boka? Korleis har biletspråket i salmane endra seg, og kva hender når ein salme vandrar frå ein kultur til ein annan?

SEMINAR KL. 11:00-15:00

Gratis arrangement

Program:

Biskop Ragnhild Jepsen: Tekst og tone til tru. Om salmesong og lovsong i eit mangfaldig fellesskap. Per Halse: Var det eit kupp? Om korleis Nynorsk salmebok kom til og vart godkjend.

Arve Brunvoll: Med salmen over grenser.

Vigids Berland Øystese: Nynorsk salmespråk frå Blix til Hoem.

Arr.: Meland mållag. Støtta av Alver kommune.



Meland kyrkjelyd og kyrkjemusikar Magnus Blom (t.h.) samarbeider med Meland Mållag og Arve Kjeif Uthaug om salmekvelden (foto: Anne Sofie Nergard Uthaug).

Laurdag 25. oktober

Konsert og salmekveld: Sjøsprøyt og solrenning

MELAND KYRKJE

Bjørnestadvegen 262, 5919

Dette er ein kveld for å løfta fram den vakre og slitesterke arven etter Nynorsk salmebok. Ivar Aasens undring, Per Sivles tvil, den trygge trua hjå Elias Blix, fiskarens farefulle kvardag skildra av Bernt Støylen, Anders Hovdens kveldsro og Matias Skards lengt mot solrenning.

Alt dette, og meir til, er med under denne salmekvelden. Det blir ei veksling mellom allsong, soloinnslag og korte historiske presentasjonar.

START KL. 18:00

Gratis arrangement

Medverkande:

Magnus Blom – piano, orgel og musikalsk ansvar
Per Halse – historiske innblikk
Lise Herland – obo
Solveig Westermoen – solosong
Maria Sæle – solosong
Mari-Anne Fosse Dalland - opplesing

Arr.: Meland mållag



Foto: Trygve Mjøs

Søndag 26. oktober

Stadnamnvandring i Gjervik

KNARVIK GRAVPLASS

Frammøte og parkering

På gardane Gjervik, Grøttveit og Nepstad (Sjosida) vart det samla inn mange stadnamn av Laila Reigstad i 1991. Du finn dei fleste på nordhordlandskart.no.

I den siste tida har det på ny vorte samla inn stadnamn frå området. Du kan få greie på kva namn som Struten og Krosskaret tyder dersom du vert med på stadnamnvandringa søndag 26. oktober. Kanskje får du òg høyra litt om kva stadnamn ein treng under hjortejakt og nyare bruk av utmarka.

START KL. 14:00

Gratis arrangement

Turleiar er Trygve Mjøs i samarbeid med Johan Myking og representantar frå Sjosio Bygdalag.

Turen går frå gravplassen og til Sjosida og attende og varer om lag to timar.

Atterhald om vêret (styrtregn).

Arr.: Alversund mållag



Søndag 26. oktober

Det er den draumen

Framsying frå Alver kulturskule

MEIERIET, FREKHAUG
Havnevegen 68, Frekhaug

START KL. 14:00
Gratis arrangement

Song-, piano- og danseelevar ved kulturskulen syner fram ei vakker framsying der ord, tonar og rørsler flettar seg saman.

Med tekstar av Jon Fosse, Aslaug Låstad Lygre og Olav H. Hauge vert publikum tekne med inn i det poetiske landskapet på Vestlandet, fullt av lys, hav og natur.

Ei stemningsfull oppleving der unge talent løfter fram litteraturen gjennom musikk og rørsle.

Arr.: Alver kulturskule



Sundag 26. oktober

På grensa til allsong

STORSTOVA

Leiknes skule

Hjelmåskarane saman med Alverkoret, Korinor og De Lystige Seniorer inviterer til konsert i samband med Nynorskdagane.

Når fire kor arrangerer konsert i lag, då er me på grensa til allsong. Og allsong kan det bli når fire kor inviterer publikum med på ei musikalsk reise med kjende melodiar i norsk språkdrakt.

Kora har med eige orkester med Sturle Andersen på gitar, Bjørn Breilid på bass, Anders Linge Breilid på trommer og Helge Riise på piano.

KL. 18:00

Billett kr. 250,-

Born under 12 år går gratis

Helge Riise er dirigent for kora, og er også musikalsk arrangør.

Dei fire kora har kvar si avdeling og konsertane vert avslutta med fellesnummer med nærare hundre songarar i aksjon.

Billettar kan kjøpast på TicketCo, hjå kornedlemmer eller i døra.

Arr.: Hjemlåskarane, Alverkoret, Korinor og De Lystige Seniorer



Sundag 26. oktober

No reiser kvelden seg

Konsert med Kjersti Møllerup Wiik, Frode Skag Storheim og Tore Kloster

ALVERSUND KYRKJE

KONSERTSTART KL. 19:30

Billetter kr. 250,-

Diktaren Olav Nygard var ein av dei største norske lyrikarane i mellomkrigstida. Dikta hans høyrer til dei fremste me har innan norsk lyrikk. Frode Skag Storheim har sett tone til 10 dikt. Desse vert framførte av sopranen Kjersti Møllerup Wiik og tenoren Tore Kloster med Frode Skag Storheim ved klaveret.

Billetter i døra og på tlf. 993 60 198.

Arr: Alversund mållag

Musikken er melodisk med eit romantisk tonespråk. I Alversund kyrkje får me høyra 10 songar, historiar om forfattaren og refleksjonar rundt korleis songane vart til.



Tysdag 28. oktober

Poesi på nynorsk

FREKHAUG BIBLIOTEK

Havnevegen 39, 5918 Frekhaug

Kom og bli med på ein stemningsfull kveld der ord får rom til å puste. Denne kvelden set vi poesien i sentrum og det vert samtale med Hildegunn Dale og Solveig Johanne Grønstøl. To inspirerende poetar som skriv dikt vi kan kjenne oss att i. Vi snakkar om forfattarskapa, inspirasjonar og kva dei ønskjer å formidle. Dei vil også få kvar si økt til å lese sine dikt. I tillegg vil biblioteket kort presentere nokre aktuelle poesibøker på nynorsk.

Hildegunn Dale kjem frå Modalen, og har gitt ut fleire diktsamlingar. I

KL. 18:00

Gratis arrangement

fjor gav ho ut si åttande diktsamling *Huset jorda i vatn*. Ho skildrar liv og natur som endrar seg på ein måte det er lett å kjenne seg att i.

Solveig Johanne Håvik Grønstøl bur på Bømlo og har gitt ut tre diktsamlingar. Poesien vert skildra som enkel og lett tilgjengeleg, men samtidig med djupare mening og rom for tolkning.

Arr.: Alver bibliotek



18. - 28. OKTOBER 2025

NYNORSKDAGANE

GUNN KVAALE - ADRIAN SELLEVOLL - SUDAN DUDAN
ALVERREVIEN ME REISE TE JUNAITEN

DEN BLÅ TIMEN

MED STRILUNGANE, KJERSTI WIIK, JOHANNA SEIM, LOVISE ESPELAND, LAILA KOLVE, LINDA SANDHÅLAND

TORMOD HAUGLAND - ARNFINN KOLERUD

NYNORSK SALMEBOK 100 ÅR

OLAV NYGARD I ORD OG TONAR

MED KJERSTI WIIK, FRODE SKAG STORHEIM, TORE KLOSTER

PÅ GRENSA TIL ALLSONG

MED ALVERKORET, HJELMÅSKARANE, KORINOR, DE LYSTIGE SENIORER

FLEIRE ARRANGEMENT FRÅ:

UNG ALVER - ALVER KULTURSKULE - ALVER BIBLIOTEK
NYNORSKDAGEN I SKULANE - STADNAMNVANDRINGAR



ALVER
KOMMUNE

TICKETCO.NO - #MEELSKARNYNORSK - ALVER.KOMMUNE.NO

